

TEMA: Frå tjoðveg til riksveg Ⓓ84, Samferdsle Ⓓ76  
KART: Ⓔ440

# Øpstad



## VINNESHOLMEN

På garden Vinnes har det vore husmannsplass så tidleg som år 1658, men vi veit ikkje kor langt attende i tid det har budd folk i Vinnesholmen.

Dei første brukarane vi kjenner, var Vigleik Olsson frå Hjartnes og Kari Halvardsdotter frå Skåte. Dei feste truleg holmen kring år 1800. Den siste brukaren var ELISA VINDENES. Fusa kommune overtok eigedomen då ho døydde i 1983. Den vesle husmannsplassen er sett fint i stand og vert leigd ut på sommarstid – ein idyll ved Bjørnefjorden og eit nærbilete av den nøysame levemåten.

## VINDENES TEGLVERK

På Vinnes er til dels djupe lag med leire. I 1876 starta engelskmannen JOHN V. SCARBOROUGH teglverk på Selsneset. Han hadde fått «Eneret til at søge og drive Leer i Udmarken» på Vinnes. Han sette opp teglverk på SELSNESET, og verket kom i drift i 1878. Verket vart arbeidsplass til 20–30 mann som laga murstein og takpanner.

Teglverket dreiv berre i sommarhalvåret. Ein mann kunne forma opp til 3000 murstein for dagen, men 2000 var meir vanleg. Panneforamarane greidde opp til 1500. Etter kvart som det minka med leire på land, prøvde teglverket med sjøleire. Men ho var ikkje brukande verken til takpanner eller murstein. Drifta på Vindenes Teglverk, til dagleg kalla Leiro, tok slutt i 1923. Då hadde verket levert teglpanner til Bjørnefjordbygden gjennom eit halvt hundreår, og mange hus er enno tekte med hardbrende vinnspanner.



**Postgarden på ØPSTAD merkjer seg ut i landskapet. Ei okergul lemstove og eit kvitmåla sveitserhus med oker lister, ber bod om eit 1800-tals tun; næraste granne til den vakre gamle prestegarden. I Øpstatunet var det postopneri i tett på hundre år. I dag kan du gå den gamle postvegen over fjellet til Strandvik; ein del av «Den Stavangerske Postvei».**



Stova med postopneri frå 1865 til 1966

**H**ovudpostvegen mellom Bergen og Stavanger vart frå 1786 lagd om Os over Hatvik, med båt over fjorden til Fusa og vidare over fjellet til Strandvik. Første postopneriet på Fusa vart oppretta i 1815, men i 1823 vart det flytta sørover til HAMMARHAUG i Ølve, som då var futegard (Ⓓ63). I 1856 vart det igjen postopneri på Fusa, i prestegarden. Postferdsle over fjellet frå Øpstad til Vik i Strandvik tok slutt sist i 1860-åra, då båtutene på fjordane i Midthordland med D/S Bjørnen fekk eit fast rutemønster.

Øpstad var også skyssstasjon: «Skydstasjonen Øfstestue i Fuuse herred, Strandvigs Skibrede». Ein skyssprotokoll frå 1838 til 1901, då skyssstasjonen vart lagd ned, er interessant lesnad: «Hvad Datum ankomsten og reist, samt til hvad Sted, Hvormange Heste eller Baade og Roersfolk; Anmerkninge om den Reisende har noget at klage over eller ikke». Skyssprotokollen vart gjennomgått og signert, vanlegvis på «Vaartinget» eller «Høstinget». Protokollen inneheldt også lengda på dei vanlegaste skyssstrekningane. Dei seinare åra var det her berre «Tilsigelseskifte»; dei reisande måtte gjerne venta fleire timar for rorskarane frå den garden som hadde skyssplikta, kom.

24. august 1862 vart amtsagronom

Bautasteinane på Skagatangen.  
Akvarell av Nils Hertzberg, 1829.

HARALD KONOW, FREDRIK og CARL KONOW skyssa til Hatvik av to rorsfolk. Konow skriv: «Meget god befording. Stationen udmærker sig med at alt er meget billigt, saaledes selges 2 udmærkede Rømmekolle for 12 Skilling». CAPITAINE HAGEMANN står oppført nærast årvisst kring 1870. 8. oktober 1869 skal han til «Tøsse i Samnanger» og rekvirerer «3 mand» og «6-aaret Baad». Hagemann har tydelegvis hatt stand og stilling som tilsa skikkeleg skyss etter statens regulativ.

Både skysskjerre, ridesal, pistol, posthorn og bodstikke frå Øpstad er tekne vare på; i Bergen Museum og ved Postmuseumet på Maihaugen. Ein lett og rask seksæring til skyssbåt vart bygd kring 1850 og står i eit naust i Fusa. □

Skyssprotokoll 1838–1901 på Øpstad.

Kjøptstaden		Vikenske Skibredde		Anmerkninger	
	Antal	Antal	Antal		
Poststuen	11	11	11		
Poststuen	5	5	5		
Poststuen	4	4	4		
Poststuen	19	19	19		

Fuuse herredsmænds Afskrift den 1<sup>te</sup> Sept. 1879  
for Skibredde